

**Fra:** Gunnar Reigstad <greigstad@outlook.com>  
**Sendt:** onsdag 11. januar 2023 21:26  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Malin Helene Andvik  
**Emne:** Merknader til planforslaget ID 46312021003 planflate 3  
**Vedlegg:** kart vegkryss.eml

## Merknader til planforslaget ID 46312021003 planflate 3.

Fakta om eigedomen vår: g.nr. 188/ br.nr. 89 – Røsvikrenen 1.

Tomten vår grenser opp til E39 ved krysset til Lonsvegen. Bustadhuset er eit av dei eldste i Knarvikregionen ( byggeår 1965),

og det er opparbeidd ein unik hage, som forsyner familien med frukt,bær og grønnsaker. Hagen har mange gråsteinsmurer og fine detaljer.

Mest sannsynleg er dette den eldste, uberørte hagen i Knarvik.

Avstanden frå huset og til støyskjermen ved E39, er i dag 15 m, og boligen ligg allereie innanfor raud støysone.

Huset er i dag bustad for dottera vår og hennar tre born.

Me har fått presentert to alternativ til nytt vegkryss; begge desse alternativa vil øydelegge hagen vår, og medføre eit vesentleg dårlegare bumiljø grunna støy og forureining. Arealet som går tapt har stor verdi for oss, og er i dag ei grøn lunge i nærmiljøet.

**Me vil ikkje ha europavegen, med ein døgntrafikk på ca 12000 kjøretøy, rett utanfor gatedøra vår!**

I vedlegget har me skissert eit 3. alternativ, som går ut på å flytte vegkrysset 10-12 m. innover og 5-6 m. nordover.

Denne løysinga vil gje mange fordeler, bl.a. auke trafikktryggleiken og redusere forureininga.

1. Det vert større avstand mellom dei to vegkryssa. Det vil auke trafikktryggleiken.
2. Hastigheten på trafikken frå Lonsvegen vil gå ned. Det vil auke trafikktryggleiken.
3. Anleggsarbeidet med vegkrysset kan nærast gå uhindra for trafikken på E39. Det vil auke tryggleiken i annleggsperioden.
4. Etter vår meining vil dette alternativet gje rimelegare utbygging og forkorte anleggsperioden.
5. Ved dette alternativet kan trafikken på E39 passere krysset utan å vike for lokaltrafikken frå og til Lonsvegen, jamført med ei rundkjøring.
6. Det vert ikkje naudsynt å gjere inngrep i dei to hagene på sørsida av E39.
7. E39 skal om nokre år leggest i tunnel under Knarvik og det aktuelle området. Då vert dette krysset kun nytta til lokaltrafikk.

**For oss er det heilt uforståeleg at ein europaveg med 12000 kjøretøy pr. døgn kan planleggast å gå få meter frå eit bustadhus, når alternativt trasseeval ligg heilt opp i dagen!**

Me vil ha utarbeidd planer for dette 3. alternativet.

Før reguleringsplanen vert behandla i Utval for areal, plan og miljø, vil me ha utvalet på synfaring på eigedomen vår.

Me vil også legge fram saka vår i møte med planutvalet!

**Heilt til slutt vil me sitere Alver kommune i sitt brev til oss, datert 24.11.2022:**

**«Intensjonen med planen er å utvikle gode nabolag og familiebusnader med uteopphaldsareal av høg kvalitet».**

**Stiller spørsmål om dette gjeld for alle involverte?**

**Helsing**

**Anne Karin og Gunnar Reigstad**

Sendt fra [E-post](#) for Windows